



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Formannskapssalen
Dato: 14.03.2018
Tid: 08.00 – 09.45

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Myklebust	Leiar	Sp
Linda Solveig Dyrhol	Nestleiar	V
Wenche Gjerde Sætre	Medlem	H
Gro Brandal	Medlem	Ap

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn		
Asbjørn Støylen	Medlem	Tvp

Varamedlemmar som møtte:

Namn		
Torbjørn Rekdal	Varamedlem	Frp
Åshild Nes Myklebust	Varamedlem	Sp

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
------	----------

Sekretariatet opplyste at det var kalla inn ein vara for mykje grunna misforståing. Vedkomande deltok ikkje i debatten eller avstemminga.

SAKLISTE

- SAK 08/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 09/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 10/18 MELDINGAR
- SAK 11/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTKOLLAR 2018
- SAK 12/18 KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2017 -
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN
- SAK 13/18 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2017
- SAK 14/18 OPPSUMMERING ORIENTERINGSBESØK GJERDSVIKA - TREKT
- SAK 15/18 UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 16/18 FLEIRBRUKSHALLEN PÅ LARSNES – SPØRSMÅL (EKSTRASAK)

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/18	033	05.03.2018	14.03.2018	JS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent med tillegg av å ta opp spørsmål vedkomande Fleirbrukshallen på Larsnes som sak på slutten av møtet, samt spørsmål om økonomisk styring i kommunen og hamna i Hallebygda under sak 10 Meldingar.

I møtet

Torbjørn Rekdal ønskte å ta opp spørsmål om Fleirbrukshallen på Larsnes. Leiaren og revisor ønskte å diskutere kommunen si økonomiske styring med bakgrunn i avisoppslag den siste tida. Leiaren ønskte å orientere kort om ei problemstilling som kom opp vedkomande sak i formannskapet om tilhøva i hamna i Hallebygda.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/18	033	05.03.2018	14.03.2018	JS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 17.01.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 17.01.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/18	033&17	05.03.2018	14.03.2018	JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet kallar inn ordførar og rådmann til neste møte (25.04.18) for å orientere om den økonomiske styringa av kommunen.
2. Orienteringa frå leiaren i kontrollutvalet om hamna i Hallebygda vert teken til vitende.

I møtet

Det vart stilt spørsmål om det kunne kome fram opplysningar som gjorde at ein må behandle saka for lukka dører. Debatten om lukking av møtet var halden for lukka dører, og dørene vart så opna og kontrollutvalet røysta over forslaget om lukking.

Med heimel i kommunelova § 31 nr 4 vart det samrøystes vedteke å halde orienteringa for lukka dører. Grunngevinga var at ein i orienteringa kunne kome inn på enkeltpersonar si rolle og arbeidsforhold.

Revisor og leiar i kontrollutvalet orienterte om sine synspunkt på den økonomiske stoda i kommunen, med bakgrunn i avisoppslag i Vestlandsnytt om rekneskapsresultatet for 2017 som viser bra overskot og om bruk og manglande påfylling av næringsfondet. Det var semje om at rådmann og ordførar bør kallast inn for å gje utvalet ei orientering, og at ein deretter må vurdere om det er behov for vidare undersøkingar og rapportering til kommunestyret.

Etter den interne diskusjonen i utvalet vart møtet så opna igjen.

Leiar Olav Myklebust orienterte om spørsmål som hadde kome fram i tilknytning til at formannskapet handsama ei sak om hamna i Hallebygda, der fylkesmannen tidlegare har vore inne med motsegn.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/18	033&58	05.03.2018	14.03.2018	AEH

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/sande/Dmb?page=2640,9882&lang=1>

Møteprotokollar til gjennomgang

Kommunestyret	06.02
Formannskapet	23.01 13.02 27.02
Helse- og oppvekstutvalet	
Næring-, teknisk- og miljøutvalet	14.02
Råd for likestilling av funksjonshemma	12.02
Eldrerådet	12.02
Ungdomsrådet	
Administrasjonsutvalet	
Arbeidsmiljøutvalet	
Valstyret	
SSR IKS – styret	Sendt til leiar
SSR IKS – representantskapet	Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/18	232	22.02.2018	14.03.2018	JS

KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2017

SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Samrøystes vedtak/uttale

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport, Skatterekneskapen og Årsmeldinga for interkommunal arbeidsgivarkontroll 2017.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2017 frå Skatteetaten, av 15.02.2018
- Årsrapport 2017 Skatteoppkrevjaren, av 17.01.2018
- Årsrekneskap 2017 for skatterekneskapen, av 17.01.2018
- Årsmelding Interkommunal arbeidsgivarkontroll 2017, av 15.01.2018

Saksopplysningar

Det vert vist til kontrollrapporten frå Skatteetaten, årsrapporten frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Utføringa av arbeidsgivarkontrollen

Ikkje tilfredsstillande:

- Arbeidsgivarkontroll er ikkje utført i tilstrekkeleg omfang, 4,4% (5,3 % i 2016), medan kravet var 5%. Likevel ganske bra.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2017 er kr 61.235.172. I 2016 var skatteinngangen kr 63.983.966. Dvs. ein reduksjon på kr 2.748.794, eller om lag 4,3%.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/18	033	05.03.2018	14.03.2018	JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2017

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2017 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2017. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2017.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/18	033	05.03.2018	14.03.2018	JS

UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Wenche Gjerde Sætre.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/18		14.03.2018	14.03.2018	

FLEIRBRUKSHALLEN PÅ LARSNES – SPØRSMÅL

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet viser til kommunestyrevedtak 61/17 og ser ut frå det at dette ikkje er ei sak for utvalet no.

I møtet

Torbjørn Rekdal stilte spørsmål om fordelinga av kostnaden ved bygging av hallen på Larsnes. Han meinte kostnadsfordelinga mellom gymnastikksal-delen og sløydsal-delen er feil, og dermed gjev eit feil grunnlag for utrekninga av kostnadane som Larsnes Idrettslag skal vere med å dekke.

Møtet slutt.

OLAV MYKLEBUST
Leiar

WENCHE GJERDE SÆTRE
Medlem

Utskrift til:

Kommunestyret som melding.

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Rådmann – til orientering.

Ordførar – til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.